

Fartskontrollar vert etterlyst

14.04.2015



Bør farten bli 30 kilometer på denne strekningen?

Noko må gjerast for å redusere råkjøiringa gjennom sentrum i Uskedalen.

Mellan anna bør det gjennomførast kontrollar på dei mest kritiske stadane, seier fleire oppsittarar langs fylkesvegen og sendar beskjeden til politiet. Dei peikar både på strekninga mellom Brekketoppen og busstoppen og strekninga før bruva der bilistane har altfor stor fart. Vi har før meldt at dei på den første strekninga trulig er oppe i 80 kilometer medan grensen er 50 og at oppsittarane frykter for den store smellen. Mangelen på oversikt for dei som kjem opp frå Beinavikjo er er ein alvorleg tilleggsfaktor.

På strekninga fram mot bruva burde køyrebana innskrenkast slik at bilistane vert tvungne til å redusera farten, seier ein oppsittar som er sterkt plaga av støyen - særleg når vogntog passerar. Vedkommande har klaga mange gongar utan at det har hatt nokon effekt.

Oppsittarane minnar om at det er svært lenge sidan det var nokon fartskontroll i Uskedalen og farten har auka sterkt sidan siste gongen. Dei minnar om tiltaka i Rosendal og held fram at dei kanskje er for omfattande til å bli kopiert i Uskedalen - 30 kilometer og fartsdumpar. Men eit stykke i retning av Rosendal-modellen bør det vera greitt å gå for å redusere fåren for ålvorlege ulukker,

Teksr, foto og nett: Ola Matti Mathisen